



Arkivnr: 2014/22142-2  
Saksbehandlar: Frode Mannsåker

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hovudarbeidsmiljøutvalet		24.10.2014

### Revisjon av personalreglementet

#### Samandrag

Personalreglementet for tilsette i Hordaland fylkeskommune vart sist revidert i 2009. Fylkesrådmannen legg her fram eit revidert personalreglement, der det m.a. er justeringar når det gjeld punkta om rus og pengespel i arbeidstida, røyking, melding om bierverv og bruk av fylkeskommunale tenester.

#### Forslag til avgjerd

Hovudarbeidsmiljøutvalet godkjenner framlegget til nytt personalreglement for tilsette i Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Framlegg til nytt personalreglement

**Fylkesrådmannen, 14.10.2014**

Gjeldande personalreglement for tilsette i Hordaland fylkeskommune vart siste revidert i 2009. Det har ikkje synt seg naudsynt med ei omfattande revisjon av reglementet, men på nokre avgrensa punkt har det kome ønske om justeringar:

**Punkt 7 om fråvær og IA-avtale**

Punktet er noko endra slik at ein ikkje knyter det opp mot IA-avtalen spesifikt frå 2003, og slik at ein også syner til arbeidsmiljøloven når det gjeld reglar for sjukefråværsoppfølging.

**Punkt 14 - Anna løna arbeid**

Noverande formulering om obligatorisk skriftleg rapportering av bierverv er tatt vekk, i tråd med ein personalmelding frå Forbruker- og administrasjonsdepartementet om bierverv der det heiter at «en virksomhet (kan) neppe uten særlig hjemmel, pålegge tjenestemennene en generell meldeplikt når det gjelder disse forholdene» . I staden er det føreslått at medarbeidar tar opp med arbeidsgivar dersom det er tvil om biervervet går ut over hovudstillinga.

**Punkt 15 om rusmisbruk og pengespel**

HAMU har til handsaming nye retningslinjer for AKAN-arbeid i HFK, der pengespel i arbeidstida er tatt inn som tema. Det er viktig at AKAN-retningslinjene juridisk er tufta på personalreglementet, og at vi dermed får ein harmonisering av det formelle grunnlaget for reaksjon i desse to dokumenta. I dette framlegget til nytt personalreglement følgjer ein dei formuleringane som er føreslått av sentralt AKAN-utval i HFK, og som også er i tråd med norm frå AKAN kompetansesenter i Oslo.

**Punkt 16 om røyking**

Her er det viktig at personalreglementet avspeglar vedtaket frå fylkesrådmannen om røykeforbod også *rundt* fylkeskommunale bygningar, og på eigedommar som fylkeskommunen disponerer, i tråd med lov om tobakkskadar.

**Punkt 22 – om bruk av utstyr og tenester**

Dette punktet er utvida til også å omfatte forbod mot å nytte seg av fylkeskommunale tenester utan å søke på line med vanlege brukarar i fylket.

**Varsel om fleire endringar**

I informasjons- og drøftingsmøte med dei tillitsvalde har det kome fram ønskje om å endre punkt 21 om godtgjersle på tenestereise. Det vart i juni nedsett ei arbeidsgruppe som skulle sjå nærare på dette og ev. foreslå endringar. Pga. streiken og lønsforhandlingar er ikkje arbeidsgruppa komen i gang. Fylkesrådmannen ønskjer ikkje å utsetje handsaminga av revidert personalreglement til denne arbeidsgruppa har levert nye framlegg. Med elektronisk dokumenthandtering er det ikkje lenger noko problem med hyppige revisjonar av slike reglement. Ei eventuell endring av punktet om tenestereiser kan ein kome attende til i 2015.